

## Lysgård (gnr. 50)

Liosgardhen: Gardnamn som truleg kjem av det før nytta mannsnamnet Ljot, Ljotr. I Fåberg finn ein namnet skrive: I 1442: Liosgardhen, i 1528 Liusgar, i 1578 Lysegaardt, i 1604 og 1723: Liusgaard, som var den vanlege skrivemåten på 1600–1700-talet. Uttalen i bygdamålet har vore: Ljøsgard, Jøsgard, seinare Lysgård.

Ved det store arveskiftet i 1442 mellom biskop Olav i Bergen og broren hr. Beinkt Harniktsson var "allan Liosgardhen" den første av Fåberg-gardane som vart uttatt. Både namnet og plassen garden fekk ved skiftet tyder på at Liosgarden var den største og best kjende av dei Fåberg-gardane som var med ved skiftet. Garden hørde da med i jordgodssamlinga åt Harnikt Henriksson og hustru Jorunn Syndolfsdtr. og var altså odelsgods. Ved skiftet fell altså Liosgarden til biskop Olav i Bergen og vart dermed kyrkjegods. I 1778 var Liosgarden kome under Hamarbispen, og det er oppgitt at landskylda av garden da var 4 huder. Under gjennomføringa av reformasjonen gjek – som ein veit – bispegodset over til krongods og vart etter kvart bortbygsla til bøndene.

Av liste over ekstraskatten Gjengjerden av 1528 går det fram at brukaten på Liusgar da heitte Iver, og at han svara 1 lodd sølv i skatt, som t. d. Arne Randgard og Haldor Berg. I 1557 er det opplyst at landskylda av "Lysgardt" og kunne betalast med 2 huder og 3 lispund (ca. 24 kg.) fisk, ei landskyld som ofte vart utlikna seinare. Det fortel at garden da sikkert hadde eit godt og årvisstt fiske av stor og god fisk. I den tid Oluf Liusgard var bygselbonde på garden, er det elles oppgitt at den årlege landskylda han svara var 5 huder.

Frå 1621-22 går det tydeleg fram at Peder og Engebret Liusgard hadde bygsle, og at dei dessutan brukte Rud Ødegård (Rudstaden i Ål) av skyld ½ hud 18 merker fisk. Same året er elles Peder Liusgard nemnd blant dei valde lagrettesmenn i Fåberg.

Av "Gudbrandtzdals Odellsmans Jordebog Anno 1624" går det vidare fram at Peder Liusgaard og Engebret Liusgaard da var jordeigande bønder, men ingen av dei åtte jordegods i den garden dei brukte. Derimot åtte Peder brukande jord til ½ hud i "Hønne Kleff" og 1 skinn i "HammersEng" i Fåberg og dessutan ½ hud i "Steen i Ringsagger". Engebrett Liusgaard åtte derimot jordegods til 1 hud i Mellum i Ringsagger. Dessutan åtte Gurren Liusgarden jord til 3 skinn i Asper og jord til 3 skinn i Mellum i Ringsagger.

Ein merker seg at ingen av leiglendingane på Liusgard da var odelseigande bonde i garden. Det har vore diskutert om hovedbygningen på Lysgaard er bygd før enn etter år 1688. Det at brukarane sjølv ingenting åtte i eller av garden talar imot at dei kosta noko nemnande på husa til ein annan jordherre. Og eigar av Lysgaard i denne tid var enda "Kongen allene". Peder og Engebret var framleis brukarar på "Liusgaard" i 1630, da landskylda av garden også framleis er oppgitt til 2 huder 3 pd. fisk til kronen. Heri da medrekna ½ hud 18 mrk. fisk av Rudsødegaard. Men i 1635-36 er den samla landskylda atter oppgitt til 5 huder krongods. Frå kring 20 år seinare er ei liste over Kvegskatten 1657. Der er namnet framleis skrive "Liusgaard", men brukarane heitte da Oluf og Einar. Garden var da delt, og det er opplyst at buskapen hos Oluf Liusgaard var 1 hest, 3 hopper, 19 naut, 13 geiter, 18 sauer og 2 griser, og buskapen hos Einar var 1 hest, 2 hopper, 16 naut, 16 geiter og 12 sauer.

Tre år seinare er det ellers fortalt at Chr. Engebretsen fekk 1. bygsel på det eine Liusgaard av skyld 2½ hud, og Lauritz Christensen fekk 1. bygsel på det andre Liusgaard også av skyld 2½ hud. Båe svara med det same kvar for seg 40 rd. i bygselpengar. Frå denne tid er og Mandkjøndsmandtallet av 1665. Her er det om "Liusgaard" fortalt at den samla landskylda av garden da var 5 huder 3 skinn og dessutan 3 skn. "udi et fiskeri Kosten". Vidare er det da fortalt at det i den tid var 4 tenestkarar på garden, og at Liusgaard" da var "udlagt til Captein Reichwein", som snart etter vart major.

I 1668 kom den første norske matrikkelsen med nemnade opplysningar om gardane. Der er det om "Liusgaard" fortalt at enga, innmarka på garden var god, og at det var skog nok til gards bruk. Buskapen av store husdyr var da 6 hestar og 36 naut, og garden hadde seter og sommarbeite åt krøtera på Melsjøen seter, Det er vidare fortalt at korntiende vart utreidd med 6 tdr., som altså svara til ei årleg kornavling på 60 tdr., og at garden hadde eiga kvern, sikkert i Mesna elv. Når det er særskilt nemnt at det og var ein humlehage, tyder det på at det her var ein heim der det ofte var tilreisande og andre gjester, sikkert og i samband med at Lysgård da var officergard. Brukarane på garden var i 1668 bygselbøndene Oluf og Lauridz, men det var framleis "Kongen allene" åtte "Liusgaard".

Frå to år seinare er ei sak som i utskrift av tingboka er referert slik:

"Mellem i Fåberg 9. mars 1670.

Fogden har innstevnt Olle Liusgaard, Sigrid ibid., Erich Schorset, Torger Ersgaard, alle ibid., Peder Randgaard og Tor Holme for en rugbråte de uten lov har tatt sig tilbruks.

Avsagt: Avgrøden, 6 tdr. rug bør være til Kongen forbrutt."

Etter atter åtte år er det i 1678 fortalt at brukarane på "Liusgaard" i den tid heitte Ole og Tor, og at garden da var major Reichweins frigaard. Landskylda av garden var da 2 huder 9 skinn 3½ pd.fisk. – Men sju år seinare var Lysgaard i 1685 vorte assignert, anvist, til major Ole Brun, som etter kvart fekk fleire rettssaker med grannane sine om tidlegare ulovlig hogst i Lysgårdsskog. To-tre av desse rettssakene har etter utskrift denne ordlyden:

" 3. septb. 1685.

Efter begjæring av hr. major Olle Brun avholdtes besiktigelse over hans assignerede gårds eiendele i anledning av den skade en del bønder har begått i hans skog.

Avsagt: den skog som ligger ovenfor Lysgaards formerke, hvilken gård er assigneret major Brun, befindes meget ulovlig og til uplikt at være uthugget. En stor del nedfeldt sagtømmer ligger på åstedet, hvorav endel med de innstevntes merke. Hvor meget der er hugget og hvor meget enhver har hugget og videre lovlige stevning henhører til kongl. maitz. foged."

"Mæhlum i Fåberg 23 okt. 1685.

Hr. major Brun har innstevnt E, S, for tømmerhugst i Lysgaards skog.

Avsagt: Eftersom E. S. som er en ødegårdsbonde på 10 skinds gods tilstår å ha feldt 19 tylfter tømmer, beliggende på Lysgaards grunn og 28 tylfter tømmer ved Mjøsen og eftersom Kongl. Mayts. Gård befindes ganske brøstfeldig, finnes det billige tømmeret bør komme gårdens reparation til hjelp. Da E. S. har begått ulovlig skoghugst innstilles skade gjeld og landnam til videre påtale og lovlige søkning.

" 2. seprb. 1705.

Åstedssak

Efter stevning fra oberst Olle Brun ang. formentlig ulovlig hugst i hans innfellede og fredlyste Liusgaards skov.

For citanten møtte Lauridz Christensen Lie, som bl. a. fremla kopi av oberstens skjøte på Lysgård, dokumenter vedk. skogens fredlysning, og en hjemtingsdom av 23. okt. 1685. – Efter avhøring av diverse vidner m- v. foretok man den 3. septb. besiktigelse av åstedet og fant at det påstevnte tømmer var hugget inne i innpelingen for så vidt Schellerud, Holme, Randgaard, Skaarsetter og Storberge angaar.

Asbj. Randgaard og Olle Holme henholdt sig til den fremlagte laugmannsdom av 27/6 1687, som de mente hjemlet hugsten.

Avsagt: I denne av Olle Brun inciterede sak, er efter gransking, vidneprov, eksamination og befarung funnet, at det påstevnte tømmer er hugget i den innpelede skog, Lysgaard tilhørende. Den av Randgaard og Holmes besiddere fremlagte dom, hjemler dem hugst og havn i Lysgaards eiendele fra Bottismyren til Sørsæteren, mens deres hugst er foretatt sør for Sørsæteren og innen innpelingen. Skogkommissionen og innpelingen er skedd senere enn laugmannsforretningen, dog samme år, 1687. De andre 4 kontraparter, Schelleruds, Storberges og Skaarsetters beboere samt Tomis Breseter beroper sig alene på deres formenn, som har hugget på samme steder, uvidende om at det ikke var felles hugst.

Da det hugne tømmer, som er hugget av Kongens enfoldige skattebønder, kun er ringe hustømmer, som før nedfellingen ikke kunne bli tjenlig til Hans Maits. fornødenhet, så er saken til nytt stevнемål henvist, om nogen vedkommende sig dermed vil umake. Men det hugne, nu påstevnte tømmerer hjemfalden til Lysgaards eier.

I kost og tæring til oberst Brun for den store og nødvendige omkostning idet han allerede før har iagttatt Kgl. Maits fordel i at den døktige skog ikke aldeles skulle ruineres, betaler enhver efter som forseelsen er grov til, nemlig Engebret Schellerud 6 rd. Tomis Breset 8 rd. Rasmus Storberge 6 rd. Asbjørn Skaarsetter 8 rd. Asbjørn Randgaard 4 rd. og Olle Holme 4 rd. tils. 36 rd.”

Av disse rettssakane går det m. a. fram at husa på Lysgård i 1685 var så skrale at dei trong ein reparasjon. Vidare går det og tydeleg fram at oberst Ole Brun i 1705 hadde fått skjøte på Lysgård og dermed var den rettmessige eigar av garden. Dertil kjem at oberst Ole Brun var ein rik mann av ei stor og velkjend officerslekt, så både han og kona hans, fru Maren Lund, var sikkert baa interessert i både nybygging og restaurering av husa og gi garden det herskamelige preg Lysgård frå deira tid har hatt.

Oberst Ole Brun, også kalla Oluf Brun, levde og budde på Lysgård til han døde der i 1712. Ved skiftet etter han åtte dødsbuet dette jordegodset: I Fåberg: Lysgård, skyld 5 huder, Nord-Haave, 3 huder 4 skn., Dalby, 3 skn. I Vang på Hedemarken: Vold, skyld 9 skn. I Vågå: Øy, skyld 4 huder, 2 skn., Lunde, 1 hud 7 skn., Synsteng, 1 hud 7 skn., Stranden, 2 huder, Stranden, 1 hud 10 skn., Kongsporten, 8 skn., Rusten, 2 skn., Selsjorde, 2 huder, 1 skn., Skaarre, 4 huder, Suare Ødegaard 1 hud, Klefuen 4 skn., Klefuen 4 skn. I Lom: Prestiorde 6 skn., Løngued kaldes Ladingen 1 hud. I Lesja: Domaas 1 hud 6 skn., I Merche i Trondheims Leen, 3 skn. Summa 32 huder 6 skn.

Arvingane ved skiftet var forutan enka Maren Lund dei 6 borna i ekteskapet. Av dei var den eldste, Peder Brun, da kaptein, broren Lorens Brun var major og broren Frantz Brun var kaptein. Søstera fru Trine Sophie Brun var enke etter avdøde løytnant Peder Gram, søstera fru Anne Marie Brun var gift med kaptein Leffelman, og jomfru Annichen Brun var enda ugift. Enkefru Maren Lund overlevde mannen sin, oberst Ole Brun, i 7 år og døde på Lysgård i 1719. Ved skiftet etter henne utgjorde jordegodset i buet enda 6 huder 10 skinn, og eiga i alt umrekna i penger var ca. 1903 rd. Eldste sonen hennar, kaptein Peder Brun, som hadde budd på Nord-Haave, var da død, og yngstebarnet hennar, Janniche Brun, var da gift med løytnant Christian Blichfeldt.

I 1723 kom det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Liusgaard i Fåberg fortalt at garden da var sorenskrivargard for søre Gudbrandsdalen, og at oppsittaren der var da sorenskrivar Mogens Winsnes. Om garden og gardsbruket er det vidare fortalt at Liusgaard ligg i sollia, men er tungbrukt, jordarten er god, men noko våtlendt og kaldlendt. Husdyrhaldet på garden var i den tid 7 hestar, 2 føl, 34 naut, 30 sauer og 12 geiter og høyavlinga utgjorde årleg kring 75 lass. Den årlege utsæden av korn var 11 tdr. bygg og 2 skjeeper rug. Det var skog til brenneved og gjerdefang og litt til hustømmer, og garden hadde både sag og kvern i Mesna.

Det er elles oppgitt at det til garden var 2 husmannsplassar med brukande jord. Om fiskevarpet Kosten er det dessutan opplyst at det i den tid tilhørde Christiania Communitet, men at elva under flom hadde skifta løp, så fisket ved Kosten gav mindre utbytte enn før. Sorenskriver Winsnes hadde garden til i 1743. Da gav han skjøte til sorenskriver Ziegler på ”grd. Liusgaard, skyld 2½ hud 3 bpd. 18 mrk. fisk for 1990 rd. og nogen føderådskonditioner.” Samtidig lånte sorenskriver Ziegler 800 rd. av sorenskriver Winsnes mot prioritert panteforsikring i garden.

Frå Ziegler si brukartid er to tingslyste bygsesedlar til husmenn ”under Lysgaard”, som gardnamnet da er skrive. Dei plassane det galdt var husværet ”Støcket”, som Ole Mikelsen overok, og husværet ”Roi”, som Ole Olsen overtok. – Frå sorenskriver Ziegler si tid er og ei kontrakt om dele mellom setrar. Kontakten, som er tinglyst, har i ei samantrengt utskrift denne ordlyden:

”Sjø-Sætteren og Lille-Qvandalen.

Kontrakt dat. 9. juni 1749 tgl. 16. juni s.å.

Mellem sorenskriver Jens Ziegler som eier av Lysgaard, Torger Ersgaard, Christen Ersgaard, Peder Randgaard, Asbjørn Schaarsetter, Erik og Paul Holme, Peder Hammerseng og Jon Moen samlige setter grander på de to setre Sjø-Sætteren og Lille Qvandahlen beliggende de oven vore påboende gårde i Aalsbøigden i Faaberg på den ene side, samt Thomas og Nils Schieggestad, Thomas Bjørstad og Maren Sundgaarden med laugverge, samtlige settergrander på Nord Sætterens Søndre Style liggende i Fieldet oven for bemeldte Hjemsetter på den anden side angående grenseskjell og dele linjen imellem Hjemsetterne Sjø Sætteren og Lille Qvandahlen. Det står anført her hvor delet skal gå.”

Sorenskriver Jens Ziegler hadde Lysgaard til i 1764. Da selde han garden med til- og underliggende bruk til lensmann Erik Jevne, Øyer, for kjøpesum 4.000 rd.

Plassen Skrefsrud under Lysgaard er nemnd i 1766. Husmannen der, Engebret Jonsen Skrefsrud, hadde da skote ein vaksen bjørn, som han viste fram huda av ved tinget. – Plassen Møllerstua ved Lysgård er nemnd i 1769, og brukaren der heitte da Jon Asbjørnsen.

Lensmann Erik Johansen Jevne hadde Lysgård til han døde i 1773. Da var det den 26. april s. å. skifte på ”Lysgaard i Faaberg”. Ved dette skiftet vart grd. Lysgård av skyld 5 huder 3 skinn taksert til 4 000 rd., og dødsbuett utgjorde brutto 4 225 rd. og netto 2 375 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Ingeborg Iverdr. dei 7 borna deres. Av dei var den eldste sonen Johannes Jevne alt da myndig og hadde tatt over som lensmann i Øyer. Sonen Iver var 23 år, sonen Erlend 21 og sonen Anders var 18 år. Dei tre døtrene var alle gifte: Kierstie med Amund Hauknes, Ringsaker, Marte med Ambrosius Lillehammer og Kari med Iver Torgersen Ersgaard.

Sonen Anders, som da var 18 år, tok seinare som kjent familienamnet Lysgaard og kalla seg Anders Lysgaard. Han vart ein velkjend og høgt vörd mann også i vårt politiske liv.

Den nest eldste sonen, Iver Eriksen, tok over som brukar på Lysgård i 1774 og nytta og namnet Lysgaard som familienamn.

Dette går m. a. fram av ei rettssak som her kan vera av interesse, og som etter utskrift av tingboka er referert slik:

”Fåberg, 18. juni 1774.

Iver Lysgaard og Asbjørn Randgaard har innstevnt Even Langset med søn Syver Evensen, Jørgen Sorgendal med søn Christen Jørgensen, Ole Hindklev, Hans Thomasen Skjeggestad, Peder Dalerud og Lars Roverud fordi de imot citanternes vilje og vidende har fisket i deres eiende fiskevann Nævelen.

Saken utsettes til neste ting, til hvilken tid de innstevnte gives laugdag tillikemed de angrændsende Christen og Peder Langset, Mads Holen, Asbjørn Høstmælingen, Halvor Røslie, Ola Fagstad, Ole Bjørstad, Tor og Niels Smestad, enken Marie Rustaden, Klokkeren hr. Bjørnsgaard og Hans Nielsen Skjeggstad.

Fåberg 10. okt. 1774.

Efter citanternes forlangende opptas saken til doms neste års vårting.

Fåberg 17 febr. 1775.

Iver Lysgaard og Asbjørn Randgaard kontra Even Langset m.fl. ang. fiskevannet Nævlen. Dømt og avsaagt: Det er ved foged Hartmanns attest av 1773 opplyst at fiskevannet Nævlen er inndratt i citanternes gårders skyld, således at de hver for 3 skind svarende kongelige skatter og dets fulde skyld 6 skind. Da de innstevnte ikke har møtt med noget tilsvarende og citanterne har frafalt bøter og omkostninger, så kan ingen anden dom falle enn at citanterne alene vedblir Nævlens fiskevanns bruk."

Iver Lysgard gjorde elles etterslekta ei stor teneste ved den dagboka han etterlet seg. Den inneheld ei rekke interessante opplysningar om garden Lysgård, om påbygging og reparasjoner m. v. Han har og notert ned opplysningar om den store skaden storflommen Ofsen gjorde i Fåberg i 1789.

Iver Lysgaard, som var fødd 1749 og døde i 1822, var elles gift med Rønnaug Johannesdtr. Wålen, og dei hadde 6 born. Det var: 1. Erik som vart brukar av Lysgård, 2. Ingeborg, g.m. glasverkeigar Kaspar Kauffeldt, Gjøvik, 3. Inger Mathea, g.m. Peter Karl Spørck, 4. Johanne, g.m. Børre Olsen Undset, Biri, 5. Iver Lysgård, handverkar i København, 6. Martha, g.m. furer Schey Høstmælingen i Fåberg.

Iver Lysgård var framleis brukar på garden i 1797. Han gav da bygselseddel til Lars Asbjørnsen Holme på "det under Lysgaard hørende møllebruk og pladsen Kvernstue utvidet opp til Møllerstuegaarden".

Iver og Rønnaug Lysgård var framleis husbondsfolk på garden også under folketellinga i 1801. I alt budde det da 9 familier med til saman 56 menneske på og ved Lysgård. Det var: 1. familie: 1. Iver Erichsen, husbonden, 52 år, 2. Rønnaug Johannesdtr., kona hans, 43 år, 3. Mathea Iversdtr. dotter deres, 21 år, 4. Erich Iversen, son deres, 19 år, 5. Johanne Iversdtr., dotter deres, 14 år, 6. Iver Iversen, son deres, 8 år, 7. Martha Iversdtr., 5 år, 8. Rasmus Andersen, tenestkar, 26 år, 9. Christen Christensen, tenestkar, 26 år, 10. Christen Hansen, tenestkar, 23 år, 11. Anne Christensdtr., tenestkvinne, 26 år, 12. Ingri Olsdtr., tenestkvinne, 17 år, 13. Anne Michelsdtr., tenestkvinne, 19 år, 14. Mari Gudmundsdtr., tenestkvinne, 19 år, 15. Sigrud Walentinsdtr., tenestkvinne, 19 år, 16. Elline Halvorsdtr., tenestkvinne, 19 år, 17. Else Walentinsdtr., enke, "går i Dagleie", 50 år, 18. Sigrud Larsdtr., "Lægdslem", 84 år, 2. familie: 1. Christen Christensen, husmann med jord, 33 år, 2. Kjersti Christensdtr., kona hans, 35 år, 3. Peder, son deres, 3 år, 4. Christen, son deres, 1 år, 5. Ingebor, dotter deres, 8 år, 3. familie: Lars Asbjørnsen, husmann med jord, 33 år, 2. Maren Fredrichsdtr., kona hans, 28 år, 3. Anne, dotter deres, 8 år, 4. Fredrich, son deres, 7 år, 5. Asbjørn, son deres, 2 år, 6. Inga Erichsdtr., enke, 51 år, 7. Guro Alfsdtr., dotter hennes, 5 år, 4. familie: 1. Jens Nielsen, husmann med jord, 58 år, 2. Marit Halvorsdtr., kona hans, 51 år, 3. Jens Jensen, son deres, 10 år, 4. Peder Jensen, son deres, 4 år, 5. Eli Walentinsdtr., 25 år, ugift, "går i Dagleie", 6. Marit Halvorsdtr., dotter til Eli, 1 år, 5. familie: 1. Nils Andersen, husmann med jord, 31 år, 2. Maria Fredrichsdtr., kona hans, 29 år, 3. Anne, dotter deres, 7 år, 4. Kristine Nielsdtr., dotter deres, 3 år, 5. Lisbeth Fredrichsdtr., 26 år, ugift, 6. Fredrich, son til Lisbeth, 1 år, 6. familie: Christen Christensen, husmann med jord, 20 år, 2. Anne Mortensdtr., kona hans, 30 år, 3. Guri Olsdtr., "nyder Lægds av Sognet", 80 år, 7. familie: 1. Lars Andersen, husmann med jord, 40 år, 2.

Mari Nielsdr., kona hans, 39 år, 3. Anne, dotter deres, 15 år, 4. Guri, dotter deres, 11 år, 8. familie: 1. Ole Olsen, husmann med jord, 26 år, 2. Inger Olsdr., kona hans, 32 år, 3. Marit Olsdr., dotter deres, 5 år, 4. Ole Olsen, son deres, 2 år, 5. Ole Pedersen, far til mannen, 72 år. 9. familie: 1. Christen Christensen, husmann med jord, 60 år.

Som en ser var det 8 husmenn med jord ved Lysgård.

Fire år seinare gav så i 1805 husbonden Iver Erichsen skjøte til son sin Erich Iversen på grd. Lysgård framleis av skyld 2½ hud 3 pd. 8 mrk. fisk for kjøpesum 4099 rd. + føderåd til foreldra.

I dette skjøtet er det elles opplyst at Erich Iversen, som da var 23 år, var trulova med Mari Iversdr. Bø, Gausdal, og at Iver Bø, far til Mari, betalde 2 000 rd. av kjøpesummen i obl. m. m. Av skjøtet går det elles fram at Lysgård da hadde fått seterbol på Graven seter. Vidare er det og særskilt nemnt at ”den under gaarden tilhørende sag med redskaper samt kvernredskapene, en tjenestedygtig dragonhest og 4 jernkakkelovner” var med i handelen. Ein merker seg og at foreldra skulle ha eit engstykke Kantenet kalla til brukande føderåd. Ved denne handelen var elles farbror til kjøperen, Eidsvollsmannen lensmann Anders Lysgaard på Svennes, Biri, tilstades som kurator for kjøperen Erich Iversen.

Erich Iversen Lysgaard f. 1782 var gift to gonger, først med Mari Iversdr. Bø, Gausdal, og Helene Evensdr. f. Rogneby. Borna hans var dei tre sønene : 1. Anders, som vart brukar på Lysgård, 2. Johannes, som vart brukar på Hunder, 3. Iver Lysgaard.

I Erich Lysgaard si brukartid kom i 1819 den nye matr. framlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Lysgård fortalt at buskapen av store husdyr på garden da var 10 hestar og 44 storfe, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 120 tdr. Det er vidare opplyst at Lysgård da hadde 10 husmannsplasser. – Frå denne tida er og eit skjøte frå Erich Lysgaard til Peder Bu på eit jordstykke langs Mesnaelva for ein kjøpesum av 225 rbd. Truleg var det tanken å nytte grunnen der til industrielle formål.

Lysgård var i all denne tid ein velbygd gard. Men det galdt her som over alt ellers at første vilkåret for nybygging, utviding og reparasjon av husa på ein gard er at folket der har råd til det.

På Lysgård vart det slik at det frå oberst Ole Brun si tid i det store og heile var gode økonomiske kår på garden. Ei rekke av arveskifte frå Lysgård viser denne velstanden. Det gjer og det herskapelege preg garden har, både ute og inne. Det vart noko symbolsk ved at denne garden som har ”Lys” i namnet, også hadde så mange og store lysmåla bygningar i tunet. – Det er fortalt at oberst Brun sette soldatane til å dra hustømmer fram til det store nye våningshuset. Andre av eigarane der kjørde hustømmeret fram med dei gode hestane sine. Men husa skulle ikkje berre vera store og praktiske, dei skulle og vera heimlege, hyggelege og kunstnerisk pryda. Når dei handmalte tapetane på gjesteroma der er måla er det visst vanskeleg å tidfeste, men det er i alle tilfelle eit kulturminne frå velstandtidene på garden. Frå 1922 er som kjent den store gamle hovudbygningen på Lysgård blant dei freda hus i Fåberg. Rekka av arveskifte på Lysgård i velstandtider vart toppa av skiftet etter husfrua Mari Iversdr. Lysgaard, som døde i 1848. Da utgjorde arven nøkternt vurdert netto 24 464 spd., og det var rikdomstider på Lysgård. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen husbonden Erik Iversen dei 3 sønene deira: Iver, Anders og Johannes. Av sønene var da Anders Eriksen vorte gardbrukar på Lysgård.

Anders Lysgaard, f. 1810, som da hadde overtatt garden, var gift med Mathea Larsdr. Stuve, f. 1814, og dei fekk 4 born. Det var: 1. Erik, som vart brukar av Lysgård, 2. Lars, 3. Marie, g.m. kjøpm. G. Thallaug, Lillehammer, 4. Emilie, g.m. Nicolai Thomle, farmer i Amerika. I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Om Lysgård i Fåberg med underbruk er det da fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 788 mål, og av dette var 314 mål jord av 1. klasse. Lysgård hadde da det største jordbruksareal av nokon einskild gard i Fåberg. Vidare er

det samtidig fortalt at husdyrholdet på sjølve garden Lysgård i den tid var 13 hestar, 39 storfe, 16 sauer og 36 geiter, men dertil var det på husmannsplassane til garden tilsaman 19 storfe og 44 sauer. Først på same måten var utsæden på sjølve garden Lysgård: 3¾ td. rug 11½ td. bygg, 7¼ td. havre, 4 td. erter og dessutan 70 td. settepoteter. Men dertil var utsæden på husmannsplassane til Lysgård tils. 8¼ korn og 15½ td. settepoteter.

Året etter fekk i 1866 Ole Nilsen (far til misjonær Lars Skrefsrud) husmannsseddel på plassen øvre Skrefsrud, og Kristian Petersen fekk samtidig husmannskontrakt på sin del av samme plassen. Fire år seinare fekk dessutan Ole Olsen husmannskontrakt på plassen Regarud under Lysgård. Samtidig fekk og Ole Johannessen husmannskontrakt på plassen Henningsrud, og Kristoffer Simensen fekk husmannskontrakt på plassen Rønningen.

I mellomtida hadde det og vore brukarskifte på hovudbruket Lysgård, der Anders og Mathea Lysgaard i 1869 gav skjøte til sonen sin Erik Andersen på ættegarden for kjøpesum 5 000 spd. + 1 500 spd. for buskapen og lausøyre.

Erik Martinius Lysgaard, f. 1838, som da tok over garden, var gift med Marie Gudbrandsdtr. Fliflet, og dei fekk 3 born. Det var: 1. Mathea Andrea, som døde 14 år gamal, 2. Gudveig Kristine, f. 1868, g.m. Carl Theodor Dahl Wollebæk, 3. Ragna, f. 1871, g.m. kjøpm. Thor Bergseng f. 1865, død 1912.

Erik Andersen Lysgård, som overtok garden i 1869, døde alt i 1873, og med han utdøde også den manlege line av ætta frå lensmann Erik Johannessen Jevne Lysgaard. – Den unge enka husfrua Marie Augusta Lysgaard gifta seg ikkje oppatt, men valde sjølv å stå for styre og stell på garden inntil vidare. Fru Marie Lysgaard var ei sers dugande og driftig kvinne med stor interesse for og kjærleik til ætta og garden. Serleg kjend er ho vorte ved det trufaste arbeidet sitt for Santalmisjonen. Misjonær Lars Skrefsrud var som ein veit vokse opp på plassen Skrefsrud ved Lysgård.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. – Lysgård i Fåberg fekk da gardsnr. 50 av samla skyld 44,61 mark og var framleis ein av dei høgst skyldsette gardane i bygda. I denne tid fekk elles Anders Olsen husmannskontrakt på plassen Jorud, og Johannes Pettersen fekk husmannskontrakt på den eine av Skrefsrud-plassane. Frå denne tid er og ei grunnleigekontrakt til hoteleigar O. P. Krogsti på tomta omkring Spinneristua. Frå 1892 er ei erklæring frå feier A. Olsen om at den hytta han bygd på Lysgårds grunn ved Mesnavatnet skulle rivast ned og forast bort nå A. Olsen var død. Frå 1893 er ei tinglyst kontrakt om bruken av Lissæterveigen inn til Sjøsetra i Øyer.

I år 1893 gav vidare enkefru Marie Lysgaard skjøte til dotter si, frøken Kristine Lysgaard, på grd. Lysgård for kjøpesum kr. 40 000,- + føderåd av årleg 5-årleg verdi kr. 6 000,-. Året etter var i 1894 Kristine Lysgaard blitt gift med hr. Carl Wollebæk, og dei to gav da kontrakt til Lillehammer Elektrisitetsverk på ½ parten av Helvedesfossen mot årleg avgift kr. 300,-. Ti år seinare vart i 1904 denne kontrakten utvida og den årlege avgift høgda til 400 kr. Året.

Carl Wollebæk, som da vart gardbrukar på Lysgård, var fra Skjerden i Stange. Han var ein interessert jordbrukar og vart ein føregangsmann især når det galdt tiltak for betring av den gudbrandsdalske ferasen. Han fekk såleis ofte av dei høgste premiane for dølefe på husdyrutstillingane i sin tid. Såleis både på landbruksutstilling i Trondheim og på jubileumsutstillingen i Oslo i 1914. Den store Lysgårdsbølingen på kring 45 mjølkedyr og 14 unge og uksar, alle einsfarga brune og store og velstelte dyr var og eit syn å sjå.

Frå kontrollrekneskapen på Lysgård i den tid tek vi her med at mjølkemengda i eit år jamt over pr. ku for heile buskapen (ungdyr medrekna) var ca. 2400 kg., og gjennomsnittsoverskotet pr. dyr vart rekna til kr. 56,80. Tolv kyr mjølka jamt over 3108 kg. kvar og gav da kr. 114,- i overskot pr. dyr. Den beste kua på fjøset gav ei dagleg mjølkemengd på ca. 25 kg. og for heile året kring 4700 kg. – Den daglege foring for dei beste kyrne var: 3 kg. høy, 1½ kg. halm, 30 kg. turnips, 6 kg. mask, 20 kg. drank, 1-2 kg. blanda

kraftfor. Med denne foringa gav 100 foreiningar 77,9 kg. mjølk. – Det kan ha si interesse å samanlikne desse tala med tala i kontrollrekneskapen i vår tid.

Fru Kristine Lysgaard og mannen hennar Carl Wollebæk fekk 8 born. Det var: 1. Erik Wollebæk, f. 1894, gardbr. på Scherden i Stange, 2. Thor Wollebæk f. 1895, ing. i Amerika, død. 3- Leif Wollebæk, f. 1895, gardbr. på Ringnes, Stange, 4. Finn Wollebæk, heradsskogmester i Nord-Fron, 5. Anine Wollebæk, g.m. arkitekt Slaatto, ekteskapet oppløst, 2 barn, 6. Marie Fliflet Wollebæk, g.m. Harald Osen Nauen, salgssjef, 7. Ingeborg Wollebæk f. 1903 g.m. Bjarne Haanshus siv.ing., Oslo, 8 Sigrid Wollebæk, f. 1904 g.m. Sønnik Andersen, skogdirektør, Oslo. Fru Sigrid Andersen død 1941, 3 born.

Fru Ragna Bergsens og hennar mann kjøpm. Thor Bergsens hadde 5 born. Det var: 1. Margrethe Bergsens, f. 1899 g.m. Sigurd Hansen, salgssjef, 2. Marie Bergsens, f. 1902. g.m. Torolf Bjørnsgaard, fall i krigen 1940, forstmann. 3. Arne Bergsens, f. 1905, g.m. Margrethe Søberg, kjøpmann på Lillehammer, 4 Gudrun Bergsens, f. 1906 g.m. Johannes Nermo, Øyer, gardbr. og Hoteleigar. 5. Erik Bergsens, f. 1909, gardbr. på Lysgård, g. m. Gunvor Anine Ottesen f. 1917, 2 born. –

I 1898 hadde skifteforvalteren i O. P. Krogsties bu gitt skjøte til Mesna Bruk på ”den ved grundleiekontrakt tgl. 29. januar 1891 hjemlede Spinderistue” for kr. 2 500,-. Fem år seinare gav i 1903 Ole Johannessen skjøte til Simen Thorstensen Holtlien på ”en av Førstenevnte opført Gaard på Lysgaards Grund lige nedenfor Lillehammer Bys Grænse” for kr. 1 600,-. Av dei kommunale manntal frå den tid går det elles fram at i 1901 budde det ialt 12 veljarar med komm. røysterett på og ved Lysgård. Av dei var husbonden Carl Wollebæk da 37 år og husfrua Kristine Wollebæk 32 år. Føderådskona Marie Lysgaard levde enda og var da 60 år. Elles var det i den tid 7 husmenn med komm. stemmerett på garden. Seks år seinare var det i 1907 11 veljarar på og ved Lysgård. Blant dei var Kristen Langseth, som var fjøsmeister på Lysgård. Elles var det da 4 husmenn med komm. røysterett på garden.

I 1911 vart Mesnafossane fråskilt gardane Lysgård og Sorgendal og selde av Kristine og Carl Wollebæk og I. Sorgendal til Lillehammer Kommune for kr. 100 000,-. Skjøtet er datert 11. okt. 1911. Året før hadde elles Carl og Kristine Wollebæk også gitt grunnbrev til Lillehammer og Aals kvindeforening for Santalmisjonen for ei tomt til oppføring av eit Skrefsrudmuseum m.m.

Av handlar med Lysgård eller parsellar av denne garden i seinare tid tek vi vidare med at i 1917 kjøpte kjøpm. Harildstad gr.nr, 50, br.nr. 9 Harildstad tomt av skyld 0,16 mark, og generalagent Raffal kjøpte br.nr.10 Raffels tomt av skyld 0,15 mark.

I 1932 vart gr.nr. 0, br.nr. 49 Bjerkebekk seld til Sigrid Undset, og i 1933 vart br.nr. 64 Stapesletta av skyld 6,34 seld til Lillehammer Kommune.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det altså vorte meir enn 60 bruksnr. under gardsnr. 50 Lysgård. Av desse mange bruksnr. var det likevel berre 2 bruk som da hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Gr.nr. 50, br.nr. 1 Lysgård med eit jordbruksareal på ca. 380 mål, som Erik Bergsens da var eigar og brukar av, 2, br.nr. 74. Skrefsrud jordbr. areal ca. 35 mål, og som Arne Bergsens var eigar eller brukar av.